




Har du forberedt deg til forelesningene?



Hvor stor andel av forelesningene har du fulgt?




Hva var hovedårsaken til at du ikke deltok på flere forelesninger?




•


Klarhet i fremstillingen på forelesningene. 1 til 5, der 1 er meget uklar og 5 er meget klar.




Hvordan har læringsutbyttet av forelesningene vært? 1 til 5, der 1 er svært lavt læringsutbytte og 5 er svært høyt læringsutbytte.




Hvor stor andel av de digitale forelesningene (opptak fra 2021) har du fulgt?




Hva var hovedårsaken til at du ikke så flere digitale forelesninger?




Klarhet i forelesers fremstilling av stoffet i det digitale forelesningsalternativet (opptak fra 2021). 1 til 5, der 1 er meget uklar og 5 er meget klar.




Hvordan har læringsutbyttet av de digitale forelesningene (opptak fra 2021) vært? 1 til 5, der 1 er svært lavt læringsutbytte og 5 er svært høyt læringsutbytte.




Her kan du sammenlikne læringsutbyttet av de tradisjonelle forelesningene versus de digitale forelesningene (opptak fra 2021):




Hvor stor del av kollokvieoppgavene har du gått gjennom på egenhånd/forhånd?




Hvor stor andel av kollokviene har du fulgt?




Hva var hovedårsaken til at du ikke deltok på (flere) kollkokvier?




Hvordan har læringsutbyttet av de kollokviene vært? 1 til 5, der 1 er svært lavt og 5 er svært høyt læringsutbytte.




Hva syns du om læreboken? 1 til 5 der 1 er svært dårlige bøker og 5 er svært gode bøker.




Hvordan har kontakten med foreleser vært? 1 til 5, der 1 er svært dårlig kontakt og 5 er svært god kontakt.




10 studiepoeng skal i snitt tilsvare ca. 13t arbeid (organisert undervisn. + egenaktivitet) pr. uke. Hvor mange studiepoeng mener du emnet KJEM215 tilsvare i forhold til arbeidsmengde?



Har du tilstrekkelig faglig bakgrunn til å ha utbytte av undervisningen i KJEM215?



I hvilken grad mener du at du har oppnådd læringsmålene for faget?



Emnerapport 2025 vår

Emnekode: KJEM215

Faglærers vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring

Undervisninga vart gitt i form av førelesingar og gruppeøvingar. Det var planlagt 50 timar (25 dobbel-timar) førelesingar med gjennomgang av pensum. I slutten av semesteret vart det gitt 10 timar (5 dobbel-timar) førelesing/diskusjon med repetisjon av pensum og ønskereprise av føreslåtte tema frå studentane.

14 kollokvier á 2 timar vart arrangerte per student. For kvar student var det obligatorisk frammøte på seks av kollokviene. Kollokvieoppgåvene vart henta frå læreboka.

Midt i semesteret var det gitt ei obligatorisk oppgåve til innlevering. Den obligatoriske oppgåva inneheldt oppgåver av same slag som i ein avsluttande skriftleg eksamen samt ei øving der eit IT-verktøy vart nytta til å gjera enkle kvantemekaniske utrekningar.

I løpet av førelesingane vart det også gitt demonstrasjonar på litt meir omfattande kvantemekaniske utrekningar enn det som var med i det obligatoriske oppgåvesettet.

I slutten av semesteret vart det gjennomført omvisning med grupper av studentar på NMR-laboratoriet ved NNP. Omvisningane vart avslutta med nokre enkle NMR-eksperiment.

Det vart vist nokre få demonstrasjonsforsøk på førelesingane (fysikk-demonstrasjonar!).

Strykprosent og frafall

29 studentar var påmeldt kurset innan fristen 1. februar. 24 studentar var oppmelde til eksamen. 23 studentar fullførte kollokvieprogrammet med obligatorisk frammøte og fekk godkjend obligatorisk oppgåve.

23 studentar møtte til avsluttande eksamen. 22 fekk bestått (4% stryk).

Karakterfordeling

Fordeling blant dei som fekk bestått: A 5 (23%), B 6 (27%), C 5 (23%), D 4 (4%), E 5 (23%). Gjennomsnittskarakteren var B/C.

Studieinformasjon og dokumentasjon

«MittUiB» vart brukt til formidling av informasjon: Førelingsplanar, pensumliste, øvingsoppgåver (og fasit/løysingsforslag), kollokviegrupper, informasjon og tilbakemelding om obligatorisk innlevering og diskusjonsgrupper knytt til kollokviene. Førelingspresentasjonar vart også lagde ut på studentportalen, nesten alltid i forkant av førelingane. I tillegg kunne studentane lasta ned alle tidlegare eksamensoppgåver (KJEM215 og KJEM140) og obligatoriske oppgåver, alt med komplette løysingsforslag. Løysingsforslag/vink til utvalde kollokvieoppgåver og reinskrivne sentrale/omfattande tavleeksempel vart lagt ut på «MittUiB» i ettertid. Etter kvar føreling vart det også lagt ut lenker til video-opptak (Zoom) av KJEM140-førelingar frå V2021 og V2022. Det vart ikkje gjort «live» opptak av førelingane (videonotat) dette semesteret.

Tilgang til relevant litteratur

Pensum er definert ut frå følgjande lærebok: Atkins og de Paula, Elements of Physical Chemistry, 7. utgåve. Nokre studentar hadde skaffa seg «Solution Manual» som følgjer med denne læreboka. Lenkar til diverse nett-ressursar var gjort tilgjengelege på «MittUiB» undervegs i semesteret.

Faglærers vurdering av rammevilkårene

Lokaler og undervisningsutstyr

Auditorium 3 i Realfagbygget vart brukt til førelingane. Alle audiovisuelle hjelpemiddel var tilgjengelege. Grupperom 3069 («Tripletten») på Kjemisk institutt vart brukt til kollokviegruppene.

All programvare til molekyl- og orbital-visualisering og enkle kvantemekaniske utrekningar som er nytta på kurset, er fritt tilgjengelege og nedlastbare frå nettet. Dette gjeld både IT-verktøy nytta til obligatoriske innleveringar og demonstrasjonar på førelingane.

Andre forhold

Ingen.

Faglærers kommentar til student-evalueringen(e)

Metode – gjennomføring

Lenke til evalueringsskjema vart sendt ut til alle studentane.

Oppsummering av innspill

7 av 25 eksamensoppmeldte studentar har gitt tilbakemelding. Dette gav ein svarprosent på berre 28 %. Denne svarprosent er såpass dårleg at ein kanskje må ha dette i mente når ein les kommentarane til tilbakemeldingane.

Tilbakemeldingane frå studentane var svært positive når det gjeld førelesingane. Frammøte har vore i snitt ca. 30%, med ein jamn nedgang i siste halvdel av semesteret.

Frammøte på kollokviene var med nokre få unntak svært høgt gjennom heile semesteret, i snitt nær ca. 50%. Det er nok delvis takka vere det obligatoriske opplegget. Tilbakemeldingane frå studentane er gode når det gjeld kollokviene.

Studentane meinte at kontakten med kursansvarleg har vore god. Dei meinte også at arbeidsmengda er passe i høve til andre kurs ved Kjemisk institutt. Dei som har svart, meinte også at dei har god nok bakgrunn for å ta kurset. I gjennomsnitt fekk læreboka middels god til god "score".

Generelt er dei fleste studentane nøgde med kurset.

Ev. underveistiltak

Dessverre læreboka ein del trykkfeil. Innsamling av trykkfeil i lærebok har heldt fram i år med mange gode bidrag frå studentane. Oppdaterte lister med trykkfeil blir gjort tilgjengeleg for studentane på «MittUiB».

Faglærers samlede vurdering, inkl. forslag til forbedringstiltak

Kollokviene var delvis obligatoriske i år også, med obligatorisk frammøte på 6 av 14 kollokvier. Kollokvieoppgåvene var framleis henta frå læreboka. Det er noko sprik i framdrifta hjå dei ulike gruppene i rommet, og det er litt vanskeleg å bli ferdig med felles gjennomgang av oppgåvene. Det kan vera ein idé å ikkje gå gjennom dei enklaste oppgåvene i fellesskap i det heile tatt, men heller oppgi fasit/slutt svar/hint dersom ein får konkrete spørsmål. Ein bør bruka meir tid på dei meir omfattande/vanskelegare oppgåvene.

Kursansvarleg har lært seg namna til alle studentane og prøver heile tida å ha direkte (nokså uformell) dialog med studentane på førelesingane. Ikkje alle tar del i dette. For å få fleire med i gjennomgang og diskusjon på førelesingane bør ein bruka litt meir tid på enkle, men meir systematiske «quiz», manuelle og/eller digitale.

Svarprosenten ved emneevalueringa er altfor låg, berre ca. 30%. Det må vurderast tiltak for å få fleire studentar «i tale» ved evalueringa.

Merk: Frå og med V2026 vil KJEM215 få ny kursansvarleg.